

ULLENSVANG HERAD	
Arkiv saksnr. 12/526	
Dok. nr. 2	12/11649
24 OKT 2012	
x-notat	
Sakssett: tre	
Arkiv: 244	
Arkivid: SA12-15	

Samarbeidsavtale mellom Ullensvang herad og Ullensvang idrettsråd

Bakgrunn og formål med avtalen

Heradet og idretten har eit felles mål om å skapa eit levande lokalsamfunn der folk kjenner seg trygge, finn mening, og trivst. Formålet med denne avtalen mellom Ullensvang herad og Ullensvang idrettsråd er å styrkja det naudsynte samspelet mellom heradet og idrettsrådet. Dette skal bidra til å klargjera viktige prinsipp og gjensidige krav og forventingar.

Samarbeidet

Eit hovudprinsipp er at saker som klubbane ynskjer å fremja for heradet, og som er av felles interesse for idretten, skal formidlast til heradet gjennom idrettsrådet. Det betyr at heradet ikkje forvaltar/avsluttar si sakshandsaming utan at sakene har vore på høyring i idrettsrådet, eller at idrettsrådet har medverka på annan måte, avhengig av type saker.

Dette hovudprinsippet skal likevel ikkje vera til hinder for at idrettsrådet og heradet kan avtala at ei sak skal handsamast (vidare)direkte mellom idrettslag og herad.

All kommunikasjon mellom Ullensvang idrettsråd og Ullensvang herad skal vera basert på åpenheit.

Høyringsrett: Ullensvang idrettsråd har høyringsrett i alle saker som direkte gjeld idrett og friluftsliv eller som har konsekvensar for dette.

Ullensvang herad sin administrasjon sørgjer for at Ullensvang idrettsråd sine innspel følgjer dei andre sakspapira til avgjerande instans, eller på anna måte vert refererte i den endelege skriftlege saksdokumentasjonen.

Administrative møte: Heradsadministrasjonen og Ullensvang idrettsråd skal møtast minst to gonger i året (april/september), eller ved behov, som t.d. ved **Samarbeidsprosjekt:** vedk. utarbeiding av budsjett og kommunal idretts- og friluftslivplan, antidoping, treningskontakter m.m.

Informasjonsmøte: Dersom det skjer store endringar/omleggingar av til dømes tilskotsordningane, skal Ullensvang herad kalle inn idrettsrådet til møte.

Kommunale tilskotsordningar: Ullensvang idrettsråd gjev tilråding til heradet om fordeling av kulturmidlar og anleggsmidlar til idrettslaga.

Anlegg/nybygg: Ullensvang idrettsråd skal vurdere søknader om anlegg/nybygg frå idrettslaga og gjera prioriteringar av ulike typar anlegg (små, store, rehabilitering) som innspel til handlingsplanen til heradet.

Ullensvang idrettsråd skal gje tilråding til heradet om den årlege prioriteringslista for spelemiddelsøknader ved innsending av desse.

Revisjon/oppseiing av avtalen

Partane skal i felleskap gå gjennom og evaluera avtalen kvart fjerde år etter inngåinga, men avtalen kan elles reviderast når partane er samde om det. Kvar av partane kan seia opp avtalen skriftleg med seks månaders varsel.

Ullensvang 24.10.2012
 Stad, dato
 Ullensvang herad

Ullensvang idrettsråd